

Vår ref.:
23/01772-8

Dato:
26.04.23

Referat frå IDF-møte 24.04.2023

Digitalt møte på Zoom 3. mars 2023 kl 12.30 – 14.00

Til stades:

Organisasjonane:

Wenke Wüsthoff Jortveit Parat – vara for Eva Leirbæk

Margrete Stave Aksnes Norsk tenestemannslag (NTL) – vara for Tone Skjerdal

Aslaug Furholt, Utdanningsforbundet (UDF)

Gjert Anders Askevold (Forskerforbundet (FF)

Pål-Albert Olsen, Akademikerne (AK)

Nina Samnøy, Akademikerne, bisittar (AK)

Arbeidsgjevar:

Anne-Grete Naustdal Prorektor for utdanning - stadfortredar for rektor Gunnar Yttri

Tage Båtsvik, organisasjonsdirektør

Anette Fristad, avdelingsleiar for Avdeling for HR

Anette Undheim, seniorrådgjevar Avdeling for HR

Linn Melby Meyer, rådgjevar Avdeling for HR

Wenche Fjørtoft, seniorrådgjevar Avdeling for HR (referent)

Vernetenesta:

Karin Bell Hovudverneombod (HVO)

Vedtakssaker

14/23 Godkjenning av innkalling og sakliste - styremøte 3/2023

15/23 Samanslåing av FIN og FØS

Organisasjonsdirektør orienterte om forslag til høyringsprosess som vil bli sendt skriftleg til hovudtillitsvalde og bad om å få rask tilbakemelding. Det er tenkt digital skriftleg tilbakemelding. Institutt, senter og fakultetsadministrasjonen vil vere høyringsinnstansar. Det vil også vere høve til å ha høyringsmøte. Det vil også vere opp til leiarane å organisere diskusjonar.

Organisasjonane støtta forslaget til høyringsprosess og at høyringa konsentrerte seg om FIN og FØS.

16/23 Rekruttering til åremålsstilling som dekan ved nytt integrert fakultet FIN/FØS for åremålsperioden 01.01.2024-01.01.2028

Organisasjonane viste til kunngjeringssteksten og påpeikte at det er viktig å ha forståing for forskning og det må kompenseras for med god innsikt i akademia og forskingsperspektivet dersom vedkomande ikkje har førstekompetanse.

På spørsmål om det i innstillingsutvalet er tenkt ein fagrepresentant eller tillitsvald svarte organisasjonsdirektør at det er opp til tillitsvalde som har får ansvar for å utpeike representant å bestemme dette.

17/23 Handlingsplan for berekraftig utvikling ved HVL

Organisasjonane reiste spørsmål om definisjonen av berekraft. Det er viktig å definere dette ut frå dei områda ein omtalar. Dette handlar ikkje berre om økonomi, men også arbeidsplassar, arbeidsmiljø og forskning som har mange dimensjonar utanom økonomi. Undervising må også belyse opphavsrett.

Det er spennande og gledeleg med ein klimaambisiøs reisepolitikk.

Handlingsplanen har mykje fokus på klima, men ikkje på berekraftig rekruttering som å tilsette i faste stillingar.

Fagleg berekraft handlar også om å bruke pengar for å tene pengar. Stiller spørsmål om vi sparar på det som må til for å ha berekraft i det faglege tilbodet?

HVO påpeikar at arbeidsmiljø burde vere styrka i planen for berekraft.

18/23 Instruks for personvernombod ved Høgskulen på Vestlandet

Organisasjonane påpeikar at det er viktig å få rutinane på plass. Saknar omtale av korleis personvernombodet skal involverast ved svikt/brest i systemet.

19/23 Revisjon av retningsliner for sidegjere mål

Organisasjonane støttar framlegget og peikar på at det er viktig at tilsette blir merksame på retningslinene.

Organisasjonsdirektør vil informere breitt ut om retningslinene.

Orienteringssaker

O-18/23 Søkjartal 2023

Organisasjonane uttrykker at søkjartala har nedslåande og skumle tendensar. Det blir stilt spørsmål om marknadsføringa har vore god nok. Fleksible utdanningar som deltidsutdanning har vore vellukka. Det er uro for tilsette som kan oppleve uvisse for konsekvensane. HVO peikar på at det er viktig å ta vare på tilsette som dette kan gå utover.

Prorektor for utdanning peikar på fordelene med å vere ein stor organisasjon som HVL og at det også gir mogelegheiter for omstilling.

O-19/23 Prorektor for forskning sin funksjon

Det blir stilt spørsmål om det er tenleg at heile rektoratet no kjem frå tidlegare Høgskulen i Sogn og Fjordane? Det bør lysast ut ei åremålsstilling som prorektor for forskning samstundes med utlysing av dekan for FIN/FØS.

O-20/23 Utsynsmeldinga - munnleg orientering

Det vert påpeika at det vert pålagt fleire arbeidsoppgåver frå politisk hald utan at det vert tilført pengar frå sentralt hald. Kva konsekvensar får kortare studietilbod?

O-21/23 Orientering til styret om søknad til Europeiske Universiteter (EUI)

Det vert stilt spørsmål om kostnadene og korleis dette skal finansierast.

O-22/23 Styret møter dei hovudtillitsvalde/hovudverneombod

FASTE ORIENTERINGAR

O-23/23 Orienteringar frå rektor - styremøte 3/2023

O-24/23 Referatsaker - styremøte 3/2022:

- Årsmelding Forskingsetisk utval ved HVL 2022

- Årsrapport for arbeidsmiljøutvalet (AMU) 2022